

Kaffi eller ^{14/6} organisering St

Retten til å vera organisert er lovfest. Ein del plassar, særleg innan handel og kontor sitt organisasjonsområde, herskar det framleis «Krysset»-tilhøve, «Krysset» var ein kolonialhandel i Bodø der eigaren sa opp to jenter som organiserte seg.

I Karmøybladet 3. juni fortel ei jente som arbeidar i ein butikk i Åkra: «Vi vart kalla simple då det vart kjent at vi ville organisera oss. Eg fekk høyre at eg var med på å gjera det trist på arbeidsplassen fordi eg gjekk inn for organisering». I intervjuet kjem ho også med ei rad andre døme på koss holdninga endra seg hos sjefen då 7 av dei organiserte seg.

Denne saka er eit døme, det finns fleire.

Mange reagerar mot sammenblandinga av AP og LO, me i AKP (m-l) er einige i denne kritikken, men det må vera opp til kvar av oss om me vil organisera oss i LO. Bedriftseigarane skal ikkje avgjera den saka.

Jenta rettar ein svært alvorleg kritikk mot leiinga i Handel og Kontor i Haugesund.

«I den tida vi måtte vente, gjekk vi i stor uvisse om korleis det ville gå. Det var svært vanskeleg. Ein skulle nesten tru dei ville ha oss til å ombestemme oss slik dei drog ut tida».

Me i AKP (m-l) meiner at andre fagforeningar her i distriktet bør stilla seg bak og støtta dei i små lavlønnsverksemdar som prøvar å organisera seg.

Leiinga i Handel og Kontor i Haugesund må ta til seg kritikken og gjera noko for å retta opp inntrykket.

For AKP (m-l), Kjell G. Larsen.